



OSTERØY KONTROLLUTVAL

MØTEUTSKRIFT SAK 30/23 OVERFØRINGSdokUMENT 2019 -2023 – INNSPEL TIL NYTT KONTROLLUTVAL

Til Osterøy heradsstyre ved ordfører

Kontrollutvalet har i møtet 05.09.2023 handsama sak 30/23 *Overføringsdokument 2019 -2023 – innspel til nytt kontrollutval* med følgende vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner overføringsdokumentet for perioden 2019 - 2023 med dei endringane som vart gjort i møtet.

Dokumentet vert lagt fram til orientering i første kontrollutvalsmøte i ny kommunestyreperiode.

Dokumentet vert også sendt til kommunestyret til orientering.

Som det kjem fram under handsaminga i møtet ynskjer kontrollutvalet at overføringsdokumentet vert lagt ved saka når nytt kontrollutval skal veljast, i tillegg til at dokumentet går som meldingssak til nytt heradsstyre.

Utskrift av protokoll og saksframlegg ligg under.

30/23 OVERFØRINGSSDOKUMENT 2019 -2023 – INNSPEL TIL NYTT KONTROLLUTVAL

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner overføringsdokumentet for perioden 2019 - 2023 slik det ligg føre frå sekretariatet.

Dokumentet vert lagt fram til orientering i første kontrollutvalsmøte i ny kommunestyreperiode.

Dokumentet vert også sendt til kommunestyret til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta siste avsnitt i dokumentet. Det vart samrøystes vedteke at sekretariatet kortar dette ned.

Kontrollutvalet ynskjer at overføringsdokumentet vert lagt ved saka når nytt kontrollutval skal veljast.

Kontrollutvalet kom med eit nytt felles framlegg til første ledd i vedtaket:

Kontrollutvalet godkjenner overføringsdokumentet for perioden 2019 - 2023 med dei endringane som vart gjort i møtet.



Dette vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet godkjenner overføringsdokumentet for perioden 2019 - 2023 med dei endringane som vart gjort i møtet.

Dokumentet vert lagt fram til orientering i første kontrollutvalsmøte i ny kommunestyreperiode.

Dokumentet vert også sendt til kommunestyret til orientering.

SAKSOPPLYSINGAR

Sekretariatet har utarbeidd eit overføringsdokument frå kontrollutvalsperioden 2019 - 2023 (vedlagd). Overføringsdokumentet skal bidra til kontinuitet i kontrollutvalet sitt arbeid frå ein valperiode til ein ny. Det vert lenka vidare til sentrale dokument frå perioden (til kommunen si innsynsløysing på nett). Innspel frå kontrollutvalet - henta inn gjennom spørjeundersøking - er inkludert i eit siste avsnitt, saman med ei evaluering.

Sekretariatet legg oppsummeringsdokumentet fram for kontrollutvalet, som kan drøfta innhaldet og eventuelt koma med innspel til dokumentet.

Sekretariatet si vurdering

Kontrollutvalet bør godkjenna dokumentet, som skal leggjast fram for nytt kontrollutval i første møte i ny periode. Eventuelle innspel frå kontrollutvalet vert protokollført i møtet, og retta opp i endeleg dokument.

Vedlegg: Overføringsdokument nytt kontrollutval_Osterøy 2023_med vedlegg